

M U BEVARINGS-
H O TENESTENE

Årsmelding 2020



Innleiing

Det har vore eit heilt spesielt år, men vi har forsøkt å arbeide mest mogleg normalt sidan utbrotet av Covid-19. Dei som har arbeid som kan gjerast på heimekontor har vore heime i periodar, resten har arbeidd i Salhus, kor vi har god plass og det er enkelt å halde avstand. Vi har gjennomført planlagt arbeid ute i musea, med god avstand til andre tilsette.

Det er store behov for konservatorkompetanse hjå musea i heile nye Vestland fylke, og MuHo sökte difor både Vestland fylke, Kulturdepartementet og Bergen kommune om ei auke i driftsmidlane for å kunne tilsette fleire konservatorar som kan arbeide for alle musea i det nye fylket. I desember fekk vi ein gledeleg beskjed om at driftstilskotet vårt frå fylkeskommunen er auka med 1 million kroner, slik at vi kan styrke samlingsforvaltninga til musea.

Vi har framleis mykje fokus på å arbeide for realisering av nytt fellesmagasin. Saka har vore teken opp i fleire møter i fylket i løpet av året, men ei endeleg avklaring lar vente på seg. Dette arbeidet har høg prioritet vidare inn i 2021.

30. september-1. oktober vart det gjennomført møter i Brukarforum og Samlingsrådet, denne gongen i Førde. Vi fekk ei omvising på Sunnfjord museum, og i Musea i Sogn og Fjordane sitt nye magasinlokale, eskefabrikken i Angedalen som skal byggast om.

Fleire på avdelinga har gjort ein stor innsats med ulike fellesprosjekt i MUHO i løpet av året, mellom anna med arbeid fram mot lansering av nye nettsider i desember.

Formidling

Den 13.-14. februar 2020 gjennomførte vi to vellukka fagdagar om samlingar på flyttefot med til saman 120 påmeldte frå heile landet, som er det høgaste talet påmeldte vi har hatt nokosinne. Arrangementet var på KODE 1, og fekk økonomisk støtte frå Vestland fylkeskommune og Norges Museumsforbund.



T.v. Forside på programmet frå fagdagane. T.h. Andreas Pauck frå Københavns museum heldt foredrag

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

I samband med fagdagane fekk vi besøk av styret i Seksjon for samlingsforvaltning kor Ida AG er styremedlem. Dei fekk informasjon om Bevaringstenestene og arbeidet i felles beredskapsgruppe for arkiv og museum i Hordaland.

2. september: besøk av ein konservator frå Nordlandsmuseet, som arbeider med eit prosjekt som skal greie ut ei etablering av fellestener for Nordland fylke.

22-23. september: Heidi og Philippa heldt innlegg på seminar om felles bevaringstenester, Nordlandsmuseet i Bodø

19. oktober: seminar for Beredskapsgruppa på Universitetsmuseet.

21.-22. oktober: Heidi heldt eit innlegg på leiarsamlinga i Førde i oktober, med tema «Best practice», der BEV fekk vise seg fram som eit døme på dette, ved at vi er ei fellestene.

3.-4. november: Heidi og Philippa deltok med kvart sitt innlegg på seminar om beredskapsplanar i Trondheim, i regi av seksjon for samlingsforvaltning i Norges museums forbund.

Vi har halde fram med å vere aktive på Facebook, med jamlege oppdateringar.

Forvaltning

Det har vore eit roleg år med tanke på innflyttingar, men i haust tok musea sin flytteaktivitet seg noko opp, sjølv om MUHO sine eigne avdelingar avlyste sine flytteprosjekt. Ein redusert flytteaktivitet har gitt oss tid til arbeid med å revidere statistikken for samlingane. Det er også arbeida med å pakke om prioriterte gjenstandar for musea, slik at dei betre kan tolle ei evakuering dersom ein skulle kome i ein situasjon som krev det.

Magasinert (avslutta flytteprosjekt) 2020

| Institusjon | 2009-2019 | 2020 | Utlevert | Sum |
|-----------------------------|--------------|------------|-----------|--------------|
| Baroniet Rosendal | | | | |
| Bymuseet i Bergen | 5406 | 331 | | 5737 |
| Hardanger og Voss museum | 749 | | | 749 |
| KODE | 2715 | 353 | | 3068 |
| Museum Vest | 3118 | 74 | -1 | 3192 |
| Museumssenteret i Hordaland | 3194 | | | 3194 |
| Kraftmuseet | 140 | 26 | | 166 |
| Sunnhordland Museum | 917 | | | 917 |
| Sum | 16239 | 784 | -1 | 17023 |

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Bymuseet i Bergen

Philippa og Anders har gjort ei vurdering av tilstanden til ei samling likvogner på Gamle Bergen, og gjeve råd om korleis desse kan flyttast til eit nytt lokale.

Vi hadde IPM-kurs for tilsette på Bymuseet i mars. Kurset vart halde på Hordamuseet, og ti personar frå museet deltok.

Bymuseet sin samling av eldre foto på glasplater (daguerreotypiar og ambrotypiar) er sendt til fellesmagasinet.

Tekstilkonservatorane har vore i Håkonshallen, Bymuseet for å tilstandsvurdere nokre tekstilar, og lage ein plan for arbeid med dei framover.

Kulturhistorisk atelier har planlagt reingjeringsdagar saman med Bymuseet i St. Jørgen kirke som tilhører Lepramuseet. Reingjeringsdagane blir etter planen lagt til våren 2021.

KODE

Vi har endeleg fått avslutta eit flytteprosjekt frå 2018, der det var manglar i Primus-registreringa som museet no har retta opp.

Vi har utført Revitaarbeid på tekstilar frå Lysøen og fra Singerutstillinga, som no har flytta inn i fellesmagasinet.

Vi har også gjort revitaarbeid på ein del gjenstandar som har stått i karantene i vel eit år, slik at desse vert ferdig dokumentert og magasinert.

Museum Vest

Vi har tatt fram ein del gjenstandar frå Hanseatisk Museum, som har vore i karantene i eit drygt år. Nokre få av desse vart plassert i ny karantene fordi vi fann restar etter skadedyr (larvehuder).

Vi har halde fram med IPM på Fiskerimuseet og skrive ein rapport til museet.

Philippa og Heidi har vore på Sjøfartsmuseet for å hjelpe dei å vurdere kva type skadedyrsanering som trengs for ei samling kinesiske gjenstandar museet nyleg har tatt inn.

Vi har tatt i mot to flytelass frå Museum Vest; Bergens Sjøfartsmuseum og Norges Fiskerimuseum.

Ida FB, Liesa og Ida AG har delteke i planleggingsmøte med Det Hanseatiske Museum i samband med prosjektet «Bevare meg vel». Museet ønskjer å dokumentere konserveringsprosessane for utvalde gjenstandar som skal vere med i den nye faste utstillinga som skal produserast til gjenopninga av museet om nokre år.

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Sarah har vore på Herdla for å hjelpe til med utstilling der, og for å levere ein dåpskjole som BEV har konservert for Museum Vest i samband med denne utstillinga.

Hardanger og Voss museum

18 esker med tekstilar frå Hardanger og Voss museum (Agatunet) er tørreingjort, fotografert, tilstandsvurdert og pakka om. Desse er returnert til museet.

4. juni var Philippa og Anders på Hardanger folkemuseum for å sjekke insektfeller og reingjere eit utstillingsslokale kor det er oppdaga skadedyr. Det er også planlagt eit IPM-kurs ved museet, men dette måtte utsetjast pga Covid-19.


Sarah var på Voss folkemuseum den 30.09 og hadde møte med museet i høve arbeidet deira med ny basisutstilling. Ho gav dei råd om mellom anna montre, montering og klima, og har sendt dei skriftleg materiale i ettekant. Vi vil halde fram med å hjelpe museet fram mot utstillingsopninga i 2021.

Baroniet Rosendal

26. og 27. mai var tekstilkonservatorane på Baroniet Rosendal for å reingjere den franske tapetet frå 1660-åra som vi konserverte i 2012. Biletrammer, speil og gjenstandar i rommet vart og reingjort både på baksida og oppå. Den 6. og 7. juli var vi tilbake for å sluttføre reingjeringa av Statthaldarkammeret som vi starta opp i mai. Alle bøkene i rommet er no muggsanerte. Vi gjorde også ei synfaring med tanke på ei mogleg utplassering av varmekammeret på Baroniet neste år. Det vart plassert ut insektfeller i museet, slik at vi kan starte opp arbeidet med kartlegging av skadedyrsituasjonen. Vi pakka ned og tok med oss to golvteppe frå Baroniet for frysing og reingjering etter skade frå insekt.



Muggsanering av bøker



Bokhyller etter sanering

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Sarah har konservert eit sengeteppe frå Baroniet.

Kraftmuseet

Vi har dokumentert og magasinert faner frå Kraftmuseet. Desse vart flytta hit i samband med Re-Org-prosjektet ved museet.

Musea i Sogn og fjordane

Det er no inngått ein avtale om at Bevaringstenestene skal vere med i brukarmøter med Musea i Sogn og Fjordane angåande magasinprosjektet deira. Dette som eit betalt oppdrag. Frå og med årsskiftet vil vi utføre dette arbeidet som Revita-arbeid for museet, i og med auken i driftstilskot.

Forsking og dokumentasjon

Torunn og Philippa deltok på fagdag om brannsikring og beredskap i kyrkjer i Arendal 17. januar.

Ida FB deltok på kurset «Conservation of Transport and Industrial Collections» på West Dean College frå 24. til 28. februar.

Anders har delteke på det nettbaserte kursopplegget «Microbial Infestation of Objects of Art and Cultural Heritage» i regi av Hornemann Institute.

Sarah har delteke på eit kurs om plast «Plastic in peril», 16.-19. november.

Ida og Torunn har delteke på kurs i prosjektleiing saman med Bymuseet i Bergen

Fornying

Nytt kurs om plast i samlingane

Sarah har utarbeida eit kurs om handtering av plast i samlingane. Kurset har ein teoretisk del og ein praktisk del.

Re-org

I fjor søkte vi og fekk midlar frå Museumsløft til å iverksette fleire mindre Re-Org prosjekt hjå musea i Hordaland i tillegg til det store Re-Org prosjektet vi hadde i samarbeid med Bymuseet i 2019. 9. januar var det oppstartsmøte for eit Re-Org-prosjekt i magasinet på Nordsjøfartmuseet (Museum Vest) i Telavåg. Arbeidet starta første veka i mars, og dei to

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

konservatorane Monica og Anders var involverte, i tillegg til Heidi som er prosjektleiar for Re-Org. Vi valde å flytte varmekammeret til Telavåg. Slik fekk vi varmebehandla det aller meste av gjenstandane, i tillegg til at vi fekk teste ut korleis det er å flytte rundt på kammeret. Det som ikkje kunne varmebehandlast vart transportert til Salhus for frysing.



Utplassering av varmekammeret

ved Nordsjøfartmuseet

Ida AG og Heidi var i Odda for å avslutta RE-ORG-prosjektet i tekstilmagasinet. Museet har gjort ein stor innsats med å plukka ut dei tekstilane som ikkje er ein del av samlinga. Rapporten for hovudprosjektet for RE-ORG er sendt til Vestland fylkeskommune.

Varmekammer

Vi har avslutta testinga av varmekammeret, og det er utarbeida ei handbok for bruk. Vi har flytta kammeret ut til musea nokre gongar i løpet av året, og gjennomført vellukka behandlingar. I samband med Re-Org prosjektet på Nordsjøfartsmuseet vart gjenstandar av ulikt materiale behandla i varmekammeret med godt resultat.

Det er no mogleg å booke varmekammeret både for bruk i Salhus, og for bruk ute i musea. Musea kan meldt dette inn til Heidi på same måte som ein melder inn ønske om innflytting i fellesmagasin eller anna arbeid ute i musea.

Kjemikaliar

Ida FB og Sarah har halde fram arbeidet med å sortere ut gamle kjemikaliar til forskriftsmessig avfallshandtering. Det er bestilt nye kjemikalieskap til 1. etasje for å sikre at alle kjemikaliar blir lagra på forsvarleg måte. I tillegg er det gjort ein del arbeid med å få inn alle kjemikaliane i kjemikaliedatabasen EcoOnline. Dette arbeidet er framleis pågående, og databasen vil stadig

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

oppdaterast ved nye innkjøp for å sikre at vi til ei kvar tid har korrekt og oppdatert informasjon.

Munnbindsproduksjon

I følge dei nye tilrådingane for å handtere koronapandemien, har alle tilsette munnbind på seg når dei brukar offentleg transport og når dei har kontakt med eksterne kundar. Anders har brukt noko tid på å sy opp gjenbruksbare munnbind til kvar tilsett.

Forretning

Oppdraget for KODE

Vi starta 2020 med å avslutte prosjektet med sortering av dei kinesiske trebasane. 313 gjenstandar er dokumenterte, og av desse registrerte vi 149 komplette gjenstandar. Basane blei flytta tilbake til KODE og er no klare for plassering i magasin.

I januar starta vi også med konservering av møbler som skal inn i Knag-utstillinga som opna 14. september 2020. Totalt har vi konservert 10 møblar. I byrjinga av september var vi på KODE 1 for å reingjere og tilstandsvurdere alle dei innlånte møblane som skal vere med i utstillinga.



Konservering av intarsia på Knag-møbel



Konservering av Knag-stol

M U BEVARINGS-
H O TENESTENE

Vi har arbeida saman med KODE med å ta ned Singer-utstillinga på KODE 1. Mange gjenstandar av keramikk, metall, tre og stein samt nokre møblar måtte reingjerast og pakkast for å kunne transportere dei til fellesmagasinet i Salhus.



Reingjering av biletramme, Singerutstillinga

Vi har reingjort tregolvet i musikkhallen på Lysøen og alle gjenstandar som står i dei tre hovudromma i første etasje.



Reigjering av golvet i musikkhallen

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Ein blå vase med emaljedekor frå Lysøen blei konservert.

Ein marmorbyste av Ole Bull blei reinsa på staden på Lysøen, i samband med at den skal få ny søyle.

Vi har halde fram med IPM på Lysøen og KODE 1, og i sommar sette vi opp insektfeller på Troldhaugen også. Vi begynner å få god oversikt over skadedyrsituasjon i desse bygga og vil fortsette å jobbe i lag med tilsette på KODE for å redusere problematikken med skadedyr.

Blondegardinene som heng i vindauge i villaen på Troldhaugen vart tatt ned og vaska på Bevaringstenestene, og deretter hengt opp igjen. Vi har også konservert ei stolpute og ein pianokrakk frå Troldhaugen. Begge gjenstandane er no tilbake i utstillinga på museet.



Krakk tilbake på Troldhaugen



Krakk og pute under konservering

Eit nyinnkjøpt tekstilkunstverk kalla «Vy», av ein kunstnar frå Alaska, var møllangripe, så det gjekk gjennom frysing hos oss, før det vart flytta tilbake til KODE for magasinering.

Vi har gjennomført møter med fleire tilsette frå KODE for å planlegge arbeidet for resten av året, og også for å starte med planlegging av arbeid i 2021. Vi sitt også i ei tverrfagleg gruppe saman med mellom anna Multiconsult, som skal planlegge mogleg renoveringsarbeid på Lysøen.

Vi har utført lysmålingar i Knag-utstillinga på KODE 1, og i dei andre utstillingsromma i bygget, samt i KODE 2. Dette vart utført for å få ein oversikt over lyssituasjonen på KODE 1 og 2. Vi har sendt KODE ein rapport om dette, og har gitt råd om fleire løysningar for å hindre UV og naturleg lys i utstillingsromma.

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Vi held fram med å arbeide med det kinesiske skjermbrøttet for permanent utstilling i KODE 1. Vår møbelkonservator Liesa arbeider saman med Lena for å stabilisere alle skader, lage nye deler der det er manglar, og gjere innfyllingar i dei mange områda som har skader på overflata. Arbeidet er veldig spesialisert og tidkrevjande.



Konservering av skjermbrøttet



Reorganisering av tekstilmagasin

I desember 2020, har vi halde fram med reorganisering av tekstilmagasinet på KODE 1.

Vi har laga fleire utlånsrapportar for kunstverk som KODE vil låne ut.

Arbeid for eksterne kundar

Kulturhistoriske gjenstandar og møbel

Vi har konservert to gipsbyster og ein gipsskulptur for Gamlehaugen. I tillegg til gipsbystene held vi på å konservere tallerkenar og ei tallerkenhylle for Gamlehaugen.

Vi har konservert biletteppet "Kors" av Anne Sæland. Biletteppet tilhører NHH. Lena har reinsa skulpturen og lause fliser er limt.

Ein treskulptur laga av den norske bilethoggaren Arne Vinje Gunnerud, er konservert. Verket har tittelen "Pan", og tilhører NHH i Bergen. Skulpturen er reingjort.

M U BEVARINGS-
H O TENESTENE



«Pan»



Demontering av tapet, Hanseatisk museum

Liesa og Philippa har tatt ned lerretstapet i to rom på Hanseatisk museum, dette som eit betalt oppdrag. Desse er no lagra på store rullar i fellesmagasinet.

Vi har satt opp kalkylar for konservering av utandørs skulpturar, både for Bergen Kommune og Voss Kommune.

Ei lampe i jugendstil laga av vindusemalje er konservert i Trondheim. Privat kunde.

To gamle kyrkjedører frå Fjell kyrkje skal konserverast. Dørene er ikkje i bruk og skal bli ein del av ei utstilling. Dørene er eigd av Øygarden kommune.

Monteringa av fleire kunstverk frå den belgiske kunstnaren Jef Geys trong utbetring, og Bergen kunsthall tok kontakt med BEV for å utføre dette.

Lena har konservert ei ramme for eit maleri/portrett fra 1808, eigd av Modalen folkebibliotek. Dekorasjonselementa var i dårlig stand og fleire element mangla.



Krona under limingsprosessen



Framsida, etter konservering

Tekstil

Eit antependium som vart konservert for nokre år sidan, er no montert tilbake på plass i Kongsberg kyrkje.

Fire ryer frå Alstahaug kyrkje er konservert. Dei er reingjort og det vart utført eit tidkrevjande arbeid med flossen, som var flokete og i uorden.

Vi har konservert eit alterteppe frå Langhus kyrkje, brodert av Thorvald Moseid.

To kunstverk av Kari Dyrdal er undersøkt etter to ulike hendingar då dei var stilt ut. Det eine var utan skader, det andre har vi utført flekkfjerning på.

Eit veggeteppe eigd av ein privat kunde er reingjort og har fått nytt oppheng.

Det er gitt råd om montering av eit veggeteppe av Frida Hansen på NHH.

Ida AG har delteke på ei synfaring på Gamlehaugen, for å sjå på golvet og møblane i musikkrommet, og møblane i biblioteket. Det er skrive ein kort rapport frå dette arbeidet.

Eit stort kunstverk av den etiopiske kunstnaren Tamrat Gezahegne, vart forberedt for utstilling på Høgskulen på Vestlandet. Teppet består av fleire ulike delar. Delane er reingjort og har fått nye oppheng.

M U BEVARINGS- H O TENESTENE



Del av kunstverket montert på Høgskulen



Kunstverket under konservering

Seks messehaklar og eit biletteppe frå Ørsta kyrkje er konservert etter at dei var skada etter brann i kyrkja i 2017. Alt er no reingjort. Messehaklane har fått nye polstra hengarar for å gje god støtte ved oppbevaring. Biletteppet har fått nytt oppheng.

Ei rye av Kari Hjertholm er klargjort for utstilling på ein ny skule i Åsane. Den er reingjort og har fått nytt oppheng.



Rya under konservering

Eit teppe av Frida Hansen frå Stavanger Kunstmuseum vart konservert. Det er våtreingjort og konservert ved saum i enkelte svake områder. Det har fått nytt oppheng. Våtreingjeringa måtte utførast med friskluftmaske, då teppet avdunstar naftalen.

Eit teppe av Frida Hansen frå NHH er konservert. Det hadde nokre svake parti, som no er støtta opp med saum.

Vi har konservert eit eldre antependium frå Valen kapell. Den 26.11. var Sarah og Philippa i kapellet for å montere antependiet tilbake på plass. Arbeidet er finansiert av Riksantikvaren.

Eit teppe av Synnøve Anker Aurdal frå Grieghallen blei reingjort. Dei har også akseptert ein kalkyle for videre arbeid som vil bli gjort på nyåret.

Drift

Eksterne kontrollar/service:

- Kontroll av brannsløkkjeutstyr (september)
- Kontroll av truck (september)

Det er dialog med Vestland fylkeskommune, eigedomsavdelinga når det gjeld fleire (moglege) prosjekt:

- Brannalarmanlegg – behov for utskifting på grunn av alder og at delar til anlegget ikkje alltid kan skaffast når det trengs utskifting
- Alarmanlegg - behov for utskifting på grunn av alder og at delar til anlegget ikkje alltid kan skaffast når det trengs utskifting
- Vindauge 1913 bygg – er ei sak som har venta på avklaring i fleire år, fylket har no peika ut ein prosjektleiar, og vi venter i spaning på kva som blir den endelige avgjerdna på løysing.
- Ingerenanlegg vert ikkje finansiert av Vestland fylkeskommune, men som byggeigar må dei gje si godkjenning, dei har difor bestemt seg for å ta ein brannteknisk gjennomgang av bygget.

Det er utført vernerunde på avdelinga den 25.11. Roy har malt veggen på garasjen, og på nedste del av 1913-bygget langs vegen.

Skadedyr

På Bevaringstenestene har vi høgt fokus på kontroll med skadedyr, da desse kan gjøre uopprettelag skade på gjenstandane i magasina og gjenstandar som er inne for konservering for kundar. Ved kontroll av feller har vi funne nokre tyv-biller innanfor dei grøne gavldørene på bygningen, samt innanfor gatedøra i første etasje. Tyv-biller kan vere eit alvorleg problem viss dei først får etablert seg. Vi har reingjort avsatsane utanfor dørene og tetta dei.

Vi har gjennom fleire år hatt problem med borebiller som kjem ut frå innertaket i 3. etasje. Vi har fått reparert yttertaket, der det har mangla ei skiferhelle. I år er talet på skadedyr lågare, så vi håpar at dette tiltaket har hatt den ønska effekten. Det er dokumentert totalt 24 borebiller i år, og det er det lågaste talet på borebiller vi har registrert sidan vi blei merksame på problemet i 2015. Det er gjennomført kontrollar av fellene på huset og heldigvis er det generelt få funn. Den samla mengda av støvlus og muggbiller er gått ned, noko som kan tyde på at våre reinhaldsrutinar no fungerer godt.

M U BEVARINGS- H O TENESTENE

Klima

Vi har lenge vore plaga med alt for tørr luft i ateliera med ned til under 25% RF på dagtid, og eit snitt på 34% RF. I tekstilatelieret i 2. etg har vi installert befuktar slik at vi no har eit snitt på 45% RF, men ventilasjonsanlegget tørkar ut lufta på dagtid, medan klimaet ligg stabilt på 50% om natta.

Klima i magasina heldt seg stabilt. I nokre rom har vi svingingar på 10% RF, og i andre kun 5%. Stort sett ligg verdiane mellom 46% RF og 58% RF. Gjennomsnittsverdiane ligg for det meste rundt 50% RF. Alt i alt er klima slik vi vil ha det. Vi har lagt dataloggarar inn til to gjenstandar i karantene og her er klimaet svært stabilt.

Verv

Ida AG: styremedlem i Hordaland Museumslag og i Norges Museumsforbunds seksjon for samlingsforvaltning

Roy: styremedlem MAF lokallag og MAF sentralstyre

Philippa og Anders: styremedlem FF lokallag

Torunn: valkomiteen for Hordaland Museumslag

Sarah Benson, ICOM-CC Textile Working Group Coordinator

Tilsette ved avdelinga i 2020

Philippa Moxon, atelierleiar tekstilatelieret 100%

Ida Areklett Garmann, tekstilkonservator 100% (fungerande avdelingsleiar 04.09.20-31.12.20)

Sarah Benson, tekstilkonservator 100%

Liesa Berens, atelierleiar kulturhistorisk atelier 80% (morspermisjon t. o. m. 07.09.20)

Anders Gjøls-Andersen, preventiv konservator 91%

Ida Fløystad Brevig, gjenstandskonservator 100%

Monica Løvald, gjenstandskonservator 100% (prosjekt, t.o.m 31.08.20)

**M U BEVARINGS-
H O TENESTENE**

Lena Höning, gjenstandskonservator 100% (prosjekt)

Heidi Seifaldet, seniorrådgjevar 100%

Roy Henrik Eriksen, driftsleiar 100%

Abdel Karim M. Gadle, reinhaldar 30%

Torunn Kojan Bøe, avdelingsleiar 100%